

Åmotsdal 10.12.2016

NVE

Postboks 5091, Majorstua

0301 Oslo

Torstein J. Groven

Åmotsdalsvegen 1602

3844 Åmotsdal

**Gjeld høyringsfråsegn for eigedomen Groven vestre 134/6 i Seljord kommune , saksnr. 201306917
Sundsbarmreguleringa.**

Viser til revisjonsdokument, punkt 7.3.3, andre setning: *Vassdragene blir befart hvert 5 år for å sikre flomavledning, og vurdert med tanke på sikkerhet for tredje person.*

Viser til revisjonsdokument, punkt 10.2.2, siste avsnitt: *Med utgangspunkt i dagens rutiner blir behov for opprenskning i elveleiet registrert i forbindelse med det årlige periodiske tilsynet i reguleringsområdet. Dagens rutiner må derfor betraktes som en behovsstyrt ordning.*

Viser til revisjonsdokument, punkt 11.3, tredje avsnitt:men år om annet blir flere bekkeinntak stengt når vannstanden i Sundsbarmvatn overstiger en konsesjonsgitt grense.

Hovudmomenta ved denne høyringsfråsegna er at eigedomen 34/6 er svært dårleg sikra mot skade på infrastruktur, bygningsmasse og dyrka mark ved høg vassføring/flom. Det er behov for fleire tiltak i form av:

- Fjerning av tre og buskar som gjer at elveløpet gror att på heile strekninga, dvs. strekning 1, 2 og 3 jf. vedlagt kart.
- Førebyggjande gravearbeid i sjølve elveløpet, slik at ein sikrar att vatnet ikkje bryt ut av eksisterande elveløp og tek nye vegar ved høg vassføring, med fare for skade på infrastruktur, bygningsmasse og dyrka mark. Dette er nødvendig på strekning 1, 2 og 3, jf. vedlagt kart.
- Byggje flomvoll der ein nyttar stein og masse frå sjølve elveløpet. Dette er spesielt nødvendig på strekning 1, jf. vedlagt kart.

Bakgrunn:

Det er ikkje gjort noko opprydding i elveløpet i Groveåi sidan ca. 1990. Den gongen skulle det ryddast tre og buskar langs elva i Skorigrendi, frå Kortestaulbroi og bortimot Sneihylen, og stein skulle gravast bort frå elveløpet pga. at vatnet stadig rann inn på dyrka marka på eigedomen vår. Dette blei gjort,

men elva fraus til om hausten før arbeida kom så langt det var tenkt, og arbeidet med gravinga blei avslutta før det var ferdig.

På grunn av til vanleg låg vassføring gror elveløpet no att, tre heng over elva og ned i elva, og tre veks i elva så det ikkje blir nok plass til vatnet når det er flaum. Det fyller seg au med stein att i elveløpet.

Dette fører til at det stadig renn vatn inn på dyrka mark. Sommaren 2015 rann elva over 2 gonger, og det låg pinnar, konglar, kvist og likn. over store delar på Tangen (det jordet som er nærast vegen, jf. vedlagt kart). Vi måtte raka og køyre vekk fleire lass med brote begge gongene. Så det fører til masse ekstraarbeid som kunne vore unngått dersom elva tok av for vatnet. Dersom dette skjer når graset veks og før slått, så vil det og føre til tap av for, med påfølgande økonomiske konsekvensar.

Tilsvarande gjeld når lukene i Skoridammen blir stengt pga. at Sundsbarmvatnet er fullt, då hender det at vatnet renn over og ut på dyrka mark.

Ved isgang om våren har det ein gong hendt at isen tok rekkverket på brua hit, og isblokkar låg etter vegen langt hitover mot husa.

1 august 1973 var det storflaum her. Sender eit par bilete. Då var vi heilt innestengte av vatn på alle kantar, og vatnet stod ein halv meter over kjellargolvet i huset vårt. Litt nedanfor Sneihylen rann elva inn, og det blei ei stor elv bak husa. Det er seinare laga ein skogsveg (av nabo) med små rør i botn og fylt opp med stein over der som vatnet gjekk den gongen. Skulle det bli ein ny slik flaum som i 1973, så vil vatnet koma rennande rett mot husa her. **Derfor er det viktig at det blir reinska resten av elveløpet opp mot Sneihylen som planlagt når elva blei reinska ca. 1990, og lagt opp stein på kanten som hindrar vatnet å renne mot gardstunet. I fjor var vatnet heilt på kanten til å renne over.**

Elva skulle vore rydda for tre og buskar, samt reinska på nytt og gjort breiare slik at vatnet kan renne fritt i elveløpet.

Ein viser avslutningsvis til revisjonsdokument, punkt 7.3.3. **Sidan ein har ein situasjon med akutt fare for skade på infrastruktur, bygningsmasse og dyrka mark for tredje person, krev ein uavhengig av denne høyringa at det straks blir føreteke synfaring for å sjå på skadeførebyggjande tiltak. Grunneigaren skal bli kontakta i forkant av synfaringa, slik at ein kan delta på synfaringa og få vist dei aktuelle skadesituasjonane som kan oppstå.**

Med helsing

Torstein J. Groven /s

Vedlegg:

- Kart 1, målestokk 1:2500.

Forklaring til kart 1:

Skravert område nr. 4 og 5 viser dyrka mark som står under vatn ved ulike stadium av flom.

Delstrekning 1: Her **MÅ** det sikrast betre mot flom ved å lage ein flomvoll, når elva renn over her går den rett mot infrastruktur, bygningsmasse og dyrka mark.

Delstrekning 2: Her må elveløpet reinskas for trær og buskar, og det må gjerast gravearbeid i elveløpet for å førebyggje flomskade på dyrka mark, jf. dyrka mark nr. 4.

Delstrekning 3: Sideløp til Groveåi. Ved svært høg vassføring står dyrka mark under vatn, jf. dyrka mark nr. 5.

- Kart 2, målestokk 1:10000.
- Forklaring til kart 2
- Bilete 1-8.